

Torgersen Bjørg**Fra:** Gunnar Skjølberg [gunnar.skjolberg@bremanger.kommune.no]**Sendt:** 4. november 2005 13:39**Til:** Postmottak BFD**Emne:** Høringsuttale revidert rammeplan

BARNE- OG FAMILIEDEP.	KASS AR.
ARKIVNR: 330.01	
- 7 NOV 2005	
SAKSBEH: 2005/03580	SIGN:

- 086

Barne- og familiedepartementet
Postbokas 8036 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
05/1646-5/K2-A13, K3-&13//GSK

Dykkar ref.

Dato:
04.11.2005

FRAMLEGG TIL REVIDERT RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN - HØYRINGSUTTALE FRÅ BREMANGER KOMMUNE

Bremanger kommune har følgjande uttalte til framlegget til revidert rammeplan for barnehagen. Uttalen byggjer også på innhenting av uttaler frå tilsette, føresette og organisasjonar lokalt.

OPPBYGGING:

Oversiktleg, enkel, tydeleg og kortfatta – dette er ein fordel. Planen er lettare tilgjengeleg for både personale og foreldre.

Kap. 1.1:

Vi saknar poengtering og vektlegging av det fleirkulturelle samfunnet.

Kap. 2.6:

Endre dei siste tre linjene til: Barnehagen skal ha tilfredsstillande areal for allsidig fysisk utfolding innan eigne grenser, men bør også utnytte grøntareal og naturområde i nærmiljøet.

Kap 3.1:

La dei to avsnitta byte plass for å ta utgangspunkt internasjonale konvensjonar og norsk lov.

Kap. 3.3:

Noko tungt formulert.

Kap. 4:

Omsorg må særskilt poengterast sidan gjennomssittsalderen på barn har gått ned etter at 6-åringane har fått plass i skulen. Det er difor viktig å halde på noverande bemanningsnorm.

Treng tydelegare fokus på oppseding og personleg utvikling av barna samt rettleiing til foreldre. Dette krev nok og fagleg dyktige tilsette.

Kap. 5.2:

Dette underkap. Kan med fordel flyttast inn i innleiingsdelen til heile kapitlet.

Kap. 5.3:

Følgjande formulering må setjast inn midt i underkap. etter ”får varierte samspillserfaringer”:
Barna må ha vaksne av begge kjønn som rollemodellar.

Kap. 6.3:

Her burde det vore lagt meir vekt på rett kosthald.

Kap. 6.5:

Sløyfe ”likeså bærekraftig utvikling” fordi dette kjem att seinare i teksten med ei tydelegare, enklare og meir konkret formulering.

Med helsing

Gunnar Skjølberg
rådgjevar